

Temanotat

**Filippinane:
Menneskehandel - reintegrering**



Utlendingsforvaltninga si eining for landinformasjon (Landinfo) skal som fagleg uavhengig eining hente inn og analysere informasjon om samfunnstilhøve og menneskerettar i land som Utlendingsdirektoratet (UDI), Utlendingsnemnda (UNE) og Justis- og beredskapsdepartementet kan trenge kunnskap om.

Landinfo sine rapportar og temanotat er baserte på opplysningar frå både opne og anonyme kjelder. Opplysningane er innsamla og handsama etter kjeldekritiske standardar.

Opplysningane som blir lagde fram i rapportar og temanotat, kan ikkje takast til inntekt for eit visst syn på korleis utlendingsforvaltninga bør handsame søknader. Landinfo sine rapportar og temanotat er heller ikkje uttrykk for norske styresmakters syn på dei tilhøva og landa som omtalast.

© Landinfo 2015

Materialet i denne publikasjonen er omfatta av åndsverklova. Utan særskild avtale med Landinfo er eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate når det er heimla i lov.

Spørsmål og reaksjonar på Landinfo sine rapportar kan rettes til:

Landinfo
Utlendingsforvaltninga si eining for landinformasjon

Storgata 33 A

Postboks 8108 Dep

N-0032 Oslo

Tel: 23 30 94 70

E-post: landinfo@landinfo.no

www.landinfo.no

Temanotat **Filippinane: Menneskehandel - reintegrering**

SUMMARY

This paper examines the situation upon return to the Philippines for survivors of human trafficking. The Philippines are commended by several sources for acknowledging that internal and external trafficking is a significant problem and for effectuating a wide set of measures to prevent trafficking and assist survivors. Nevertheless, the need for assistance is greater than the supply. Neither the material, human or financial resources available are adequate, and as a result the assistance offered to survivors is also inadequate. There is a certain stigma involved upon reintegration, especially for victims of sexual exploitation.

SAMANDRAG

Dette notatet tek for seg situasjonen ofre for menneskehandel møter når dei vender attende til Filippinane. Filippinane får ros frå ulike kjelder for å erkjenne at menneskehandel både innanlands og ut av landet er eit betydeleg problem, og for å ha treft ei rekkje åtgjerder, deriblant preventive tiltak og tiltak for å hjelpe ofra. Likevel er tilbodet mindre enn behovet. Det er verken tilstrekkelege materielle, menneskelege eller finansielle ressursar, og det gjer at tilboda til ofra ofte også er utilstrekkelege. Det er også eit visst stigma forbunde med retur, særleg for dei som har vore utsett for seksuell utnytting.

INNHALD

1. Innleiing	5
1.1 Definisjon	5
1.2 Omfang	6
2. Mottak og identifisering ved retur til Filippinane	6
3. Tiltak og tilbud for returnerte offer for menneskehandel.....	8
3.1 Utfordringar.....	9
4. Trugsmål, vitnebeskyttelse og re-trafficking.....	10
5. Skam og stigma.....	11
6. Referanser.....	12

1. INNLEIING

Fattigdom er antakeleg den viktigaste årsaka til at menn, kvinner og barn vert utsette for menneskehandel rundt omkring i verda. Filippinane er eit lågare middelinntektsland (*lower middle income*) i Verdsbanken sin definisjon (World Bank 2015a). Landet har høg økonomisk vekst, kring 5 prosent årleg sidan byrjinga på 2000-talet, og heile 7,2 prosent i 2013 (World Bank 2015b). Den økonomiske veksten har imidlertid ikkje vorte omsett til fattigdomsreduksjon, og fortsatt ligg fattigdommen i landet på kring 25 prosent (World Bank 2015a), med heile 19,2 prosent av befolkninga (kring 18,4 millionar personar) i ekstrem fattigdom, basert på den internasjonale fattigdomsgrensa på USD 1,25 per dag (Dy-Liacco 2014). Det er mangel på stabile jobbar i låginntektssjiktta, særleg på landsbygda der mange av dei fattige bur. Filippinane opplever ei nær eksplosiv befolkningsauke, så fattigdom og sysselsetjing vil være ei utfordring også i framtida.

Filippinane er eit land der arbeidsmigrasjon til utlandet i høg grad er forventa – i den grad at utanlandsarbeidande ofte vert kalla «nasjonale heltar». Til dømes vert det utdanna mange fleire sjukepleiarar enn landet treng sjølv, og det skuldast mellom anna at mange av studentane og familiarne deira ynskjer at dei skal få seg arbeid utanlands. Sjukepleiaryrket er svært dårleg betalt i Filippinane, og i tillegg er det så stort overskot på sjukepleiarar at dei som blir værande i landet ofte må arbeide gratis (som såkalla *interns* eller praktikantar) i byrjinga. Om lag ti millionar filippinarar arbeider i dag i utlandet (USDS 2014), og for mange av desse var det eit planlagt «karrierevalg».

Filippinane vert også kvart år råka av mange naturkatastrofar, noko som kan få store konsekvensar for mange filippinske familiar. Ein tyfon kan sende ein familie ut i brå og langvarig fattigdom, og i nokre tilfelle kjem familiemedlemmer bort frå kvarandre. I kaoset og forflyttingane etter tyfonen Haiyan som råka landet så katastrofalt i november 2013, vart eit ukjend tal barn og unge tekne av kriminelle og selt til prostitusjon og slaveri, fortel biskop Broderick Pabillo i den filippinske organisasjonen *Interfaith Movement Against Human Trafficking* (Santos 2014).

1.1 DEFINISJON

Menneskehandel (*trafficking in persons*) er definert i detalj i Artikkel 3 av Palermoprotokollen (United Nations 2000), men kan oppsummerast slik: «Menneskehandel er å utnytte barn, kvinner og menn til å utføre arbeid og tjenester ved bruk av tvang, vold, trusler, forledelse eller ved å utnytte personens sårbare situasjon» (SNL 2014).

Menneskehandel, så som tvangsarbeid, slaveliknande forhold for hushjelpar (*domestic servitude*), samt seksuell utnytting, er eit betydeleg problem både innanlands i Filippinane og til utlandet (USDS 2014). Gutar og menn utgjer ein aukande del av dei identifiserte ofra, også for sexhandel. Med den auka internettilgangen har det også vakse fram ein ny nettbasert industri, der ofte svært unge kvinner og barn vert tvinga til å utføre handlingar som vert strømma live til betalande kundar over heile kloden.

1.2 OMFANG

Det er vanskeleg å seie kor mange som kvart år vert offer for menneskehandel i Filippinane, og det har ikkje latt seg gjere å finne etterrettelege tal eller overslag. USA sitt utanriksdepartement, USDS (2014, s. 313), skriv at

A significant number of the estimated 10 million Filipino men, women, and children who migrate abroad for skilled and unskilled work are subsequently subjected to sex trafficking and forced labor.

FN sin spesialrapportør (2013) hevdar likeins at «mange» av dei ein million filippinarane som kvart år forlét landet for å arbeide utanlands, er trafikkerte, for det meste gjennom rekrutteringsbyrå som er del av organiserte kriminelle nettverk (UN Special Rapporteur 2013, s. 4). Sannsynlegvis er mørketala store.

Dei filippinske styresmaktene er opne om at trafficking for ulike føremål er eit problem, og dei har teke ei rekkje grep for å motkjempe det. Mellom anna må alle arbeidrarar som emigrerer, gjere dette gjennom ein offentleg instans ved namn *Philippine Overseas Employment Administration*. Landet har også eit *Inter-Agency Council against Trafficking* (IACAT) der mellom anna ulike departement og etatar, politiet, immigrasjonsmyndigheitene og sivilsamfunnet samarbeider om å hindre trafficking og hjelpe heimvende offer. Det er likevel generell semje om at tiltaka for motkjemping av fenomenet og berging av offer er mykje mindre enn behovet.

Dette notatet dreier seg om retur og reintegrering av personar, i hovudsak kvinner og jenter, som har vore utsatt for menneskehandel, hovudsakleg med seksuell utnytting for auget. For motkjempingstiltak i form av førebygging, lovverk og domfellingar, sjå til dømes rapporten til FN sin spesialrapportør for menneskehandel (UN Special Rapporteur 2013) eller «Trafficking in Persons»-rapporten til USAAs utanriksdepartement (USDS 2014).

2. MOTTAK OG IDENTIFISERING VED RETUR TIL FILIPPINANE

Når det gjeld filippinarar som har vore utsett for menneskehandel til utlandet og som kjem attende til Filippinane via ambassaden i det aktuelle landet, så er statusen deira allereie avklart. Når det gjeld identifisering av traffickingoffer i og på grensa til Filippinane, er det politiet (PNP) og National Bureau of Investigation (NBI) som er dei hovudansvarlege. Dei er til stades på dei største flyplassane og hamnene i landet. NBI har til dømes ein «task force» på 30-35 personar på flyplassen i Manila som mellom anna driv med avskjering av offer på veg ut, profilering av offer og overgripingar og avhøyr av desse. I tillegg driv NBI eit shelter der enkelte offer kan opphalde seg til etterforskinga av sakane deira er ferdigstilt og dei tiltala er fanga opp i rettssystemet. Immigrasjonsmaktene og flyplassautoritetane bidreg også i identifiseringa, særleg med å avskjere moglege offer før utreise (NBI, møte 2014).

Ved nokre flyplassar og hamner, til dømes i Manila og Zamboanga, er det oppretta såkalla «one-stop shops». Ved desse er NBI, politi, påtalemyndigheit, sivilsamfunnsorganisasjonar og sosialarbeidarar til stades, og ofra sine status og behov kan kartleggjast i éin enkelt operasjon i staden for at ofra må sendast frå etat til etat i ein langtrekt prosess (NBI, møte 2014).

Filippinsk politi identifiserte ifølgje FN sin spesialrapportør (2013, s. 11) 835 kvinnelege og 46 mannlege offer for ulike typar menneskehandel i 2011, og høvesvis 612 og 112 i 2012. Heilskapleg statistikk over det totale talet på identifiserte og assisterte offer er ikkje tilgjengeleg (USDS 2014). FN sin spesialrapportør understreker at gitt omfanget av både innan- og utanriks menneskehandel, så representerer dei offisielle tala berre ein brøkdel av det totale talet på offer.

På ei informasjonsinnhentingsreise til Filipinane i 2014 møtte Landinfo Visayan Forum, ein filippinsk ikkje-statleg organisasjon som arbeider for å hindre menneskehandel og moderne slaveri og for å hjelpe ofra for desse industriane. Dei er ein av organisasjonane som medverkar i dei nemnde *one-stop shop*-ane. Organisasjonen driv også offeridentifisering og opererer såkalla *safe houses* ved flyplassar og hamner. I tillegg driv dei reintegreringstiltak, noko som vil bli omtala meir nedanfor.

Nokre av dei som har vore trafikkert til utlandet, har blitt pressa for pengar, slått, valdteke og/eller utsette for annan vald. Dei kan også ha fått passa sine og/eller andre ID-papir konfiskert, og somme returnerer utan offisiell bistand. Myndighetene fangar ifølgje Visayan Forum sjeldan opp slike «udokumenterte» offer, og dei står såleis utan tilbod om statleg reintegreringsstøtte. Nokre av desse får imidlertid hjelp hjå Visayan Forum, fordi det av byråkratiske grunner er enklare for dei å ta imot og hjelpe desse udokumenterte ofra. Mange av desse har arbeidd i land i Midtausten (Visayan Forum, møte 2014).

Visayan Forum meinte at det generelt er «mykje å feire» når det gjeld politiet sin innsats, mellom anna arbeidet deira for å avsløre og hindre korrumpert flyplasspersonell som muleggjer menneskehandlarane sine operasjonar. Det har vore tilfelle der politiet har forårsaka skade for ofra heller enn hjelp, men dette er ikkje systematisk. Samstundes er korrupsjon og «eye closing» stadig utbreidd, og etterforskinga er ikkje alltid sensitiv overfor ofra (Visayan Forum, møte 2014).

På spørsmål frå Landinfo om det hender at offer for menneskehandel vert straffa for lovbrøt dei har gjort som ei direkte følgje av at dei var utsette for menneskehandel, svarte Departementet for velferd og utvikling (DSWD) nektande og sa at eit offer alltid vart sett som nett det (DSDW, møte Manila 2014). Derimot fortalde NBI at dei kan beslaglegge ofra sine pass og at dei har heimel for å reise sak mot dei, til dømes for dokumentfalsk om dei har reist ut med falskt/uriktig pass, dersom dei ikkje samarbeider og/eller ikkje vil melde bakmennene. Dette vert faktisk stundom også gjort, men om ofra då snakkar, vert saka mot dei droppa. Vanlegvis vert det såleis ingen dom mot slike offer, ifølgje NBI (møte 2014). USDS (s. 316) skriv på si side at

[i]dentified victims were not punished for unlawful acts committed as a result of being trafficked; however, efforts to identify adult sex trafficking victims were inadequate, making such victims vulnerable to punishment.

FN sin spesialrapportør har rosa Filipinane for innsatsen som vert gjort, men hevdar at mange traffickingoffer vert tekne for kriminelle eller illegalt rekrutterte arbeidarar, og at dette særleg gjeld i menneskehandel for prostitusjon. Ho peiker også på at politi- og rettsapparatet manglar naudsynt finansiering og ressursar, og at dette gjer arbeidet med intervensjon og identifisering vanskelegare for tenestepersonane (UN Special Rapporteur 2013, s. 12).

3. TILTAK OG TILBOD FOR RETURNERTE OFFER FOR MENNESKEHANDEL

Etter at fasen med mottak, identifisering og avhør hjå politiet er over, overtek Departementet for velferd og utvikling (DSWD) ansvaret for traffickingofra. Departementet er hovudansvarleg for reintegreringstiltak og driv mellom anna eit *Recovery and Reintegration Program for Trafficked Persons*. Aktivitetane i dette programmet vert gjennomført på lokalt nivå og inkluderer mellom anna

- stønad til livsopphald (10 000 pesos¹ for oppstart av ei lita bedrift etter ein kort introduksjon til forretningsdrift og ei vurdering av ofra sin individuelle situasjon);
- enklare yrkesopplæring;
- retts hjelp (i samband med ei eventuell melding av overgripar til politiet og mogleg påfølgjande rettssak);
- oppfølging frå 552 lokale sosialarbeidarar landet over (seks månader til maksimum to år) (DSWD, møte 2014)

DSWD driv også 26 senter der kvinner og barn som har vore utsette for mishandling, kan søke hjelp i ein kortare periode. Departementet talfesta ikkje kor mange som fekk eit eller fleire av desse tilboda eller omfanget av tilbodet til kvar enkelt, men gitt det store talet på offer, dreier det seg i dei fleste tilfella om ganske avgrensa støtte, både i omfang og i varigheit. FN sin spesialrapportør (2013) skriv at sosialarbeidarane og dei tilsette ved sentra oftast ikkje har tilstrekkeleg opplæring for å kunne gje naudsynt og offersensitiv støtte. USDS (2014) rapporterer at programmet fekk kring \$550 000 i finansiering i 2013.

NBI har ei praktikantordning der tidlegare offer for menneskehandel kan nytte erfaringa frå si eiga historie til å hjelpe NBI og andre offer. NBI har seks-ti slike praktikantplassar. Då Landinfo møtte dei i november 2014, arbeidde seks tidlegare offer der, fem kvinnelege og ein mannleg. Mannen hadde vore sjømann, og sjømenn er ein kategori arbeidstakarar som er særleg til stades på statistikken over «labour trafficking».

Kva gjeld mindreårige, så tek DSWD myndigheit over dei eller dei vert returnerte til familiane sine med tilbod om vanlegvis ganske avgrensa oppfølging. Viss barna ikkje kan returnere til familiane sine, til dømes fordi familien sto bak utnyttinga i utgangspunktet eller grunna anna omsorgssvikt, er barneheim einaste moglegheit (utanom adopsjon til utlandet). Adopsjon internt i Filippinane høyrer til sjeldanheitene, og det finst ikkje noko etablert fosterheimsordning (DSWD, møte 2014).

Sivilsamfunnet sin innsats er viktig i reintegreringa av offer for menneskehandel, og fleire organisasjonar driv hjelpe- og reintegreringstiltak i landet. Desse må verte akkreditert av DSWD før dei kan setje opp eit tilbod. Ifølgje USDS (s. 315) står dei ikkje-statlege organisasjonane for absolutt mesteparten av spesialiserte tilbod til offer for menneskehandel i Filippinane sjølv om dei får svært avgrensa støtte frå staten. På møtet med Landinfo i 2014, bekrefta DSWD dette og sa at dei er avhengige av hjelp

¹ Ca. NOK 1.805 (XE.com u.å.). Ifølgje DSWD (møte 2014) var vanlege forretningsalternativ teppeveving, kyllingoppdrett eller å køyre rickshaw (*pedicab*).

frå organisasjonslivet fordi behovet for støtte- og reintegreringstiltak er så mykje større enn tilbodet som det offentlege kan gje.

På informasjonsinnhentingstreisa til Filippinane i november 2014 vitja Landinfo også eit senter for unge jenter som hadde vore offer for trafficking til prostitusjon. Senteret var drive av ein ikkje-statleg organisasjon akkreditert av DSWD. Det budde eit tjuetal jenter på senteret, hovudsakleg i alderen 14-19 år. Nokre av dei fortalde historiene sine til oss, og dei hadde alle vore utsett for grufulle overgrep. Somme hadde vorte kidnappa og plasserte i bordell i filippinske byar, andre hadde vorte tekne ut av landet (mellom anna hadde ei av dei vorte halde i eit skandinavisk land i fleire år), og atter andre hadde vorte lura av falske representantar for rekrutteringsbyrå og hadde enda med å arbeide i den internetbaserte sexindustrien, også kalla «cottage industry». Enkelte av barna som budde på senteret, hadde sjølv fått barn eller var gravide som resultat av overgrepa dei hadde vore utsett for.

På senteret fekk dei ulike tilbod alt etter situasjonen deira. Nokre av jentene gjekk på skule i nærmiljøet, medan andre som levde under trugsmål om hemn eller re-trafficking, fekk skoleringsstilbod, som til dømes matlaging, handarbeid og databasert kompetansebygging, inne på senteret. Jentene kunne vere der i nokre månader eller kanskje eit års tid, og målet var at opphaldet skulle gjere dei i stand til å klare seg sjølve eller returnere til familiane sine. Ei av dei største bekymringane til bestyrerinna var korleis det skulle gå med dei små babyane og dei altfor unge mødrene deira.



Utsikt frå terrassen på senteret for offer for menneskehandel. Foto: Camilla F. Wedul

3.1 UTFORDRINGAR

Utfordringar med tilbodet til tidlegare offer for menneskehandel dreier seg i hovudsak om finansiering og kvantitet. USDS (2014) beskriv tilboda som «generelt utilstrekkelege» for å ta tak i behova traffickingoffer har, og dessutan er sentra for få og små til å ta imot straumen av offer som følgjer større operasjonar frå styresmaktene. Særleg for mannlege offer er tilbodet «ekstremt avgrensa». I tillegg

har mange av ofra store traume, men også det psykologiske hjelpetilbudet er svært avgrensa. Det er ifølge USDS generell mangel på langtidsomsorg.

FN sin spesialrapportør (2013, s. 19) skriv at det er for få shelter, og at dei som finst, manglar kapasitet og midlar til å gje ofra fullgod støtte gjennom lækjingsprosessen. Ei stor mengd offer vert ifølgje spesialrapportøren tilbakeført til familiane eller lokalsamfunna sine utan tilstrekkeleg kartlegging av behova deira og med lita eller inga oppfølging. FN sin spesialrapportør er også uroa over at tilbodet er ulikt fordelt i landet, mellom anna fordi anti-traffickingmidlar ofte ikkje er øyremerkte, og fordi det kan være ulik grad av vilje og økonomisk evne hjå lokale styresmakter til å avhjelpe problemet.

Visayan Forum (møte 2014) var kritiske til at det er mykje opplæring av tenestepersonar, men lite sikring av at kunnskapen faktisk vert nyttegjort. Til dømes er det ingen garantiar for at personell som har gjennomgått opplæring, faktisk vert sett til å arbeide med traffickingssaker.

Korrupsjon er eit pengesluk og eit alvorleg hinder for implementering av anti-traffickingpolitikken. Rotfesta korrupsjon på alle nivå i dei involverte styresmaktene er ifølgje FNs spesialrapportør eit «betydeleg hinder» i identifiseringa av personar som har vore utsett for menneskehandel. I fleire saker har tenestepersonar vore direkte involvert i traffickingssaker, og denne typen korrupsjon er allstadenverande, særleg på regionalt og lokalt nivå. Tenestepersonar tar imot pengegaver, og lokale regjeringsleiarar grip ofte inn for å skydde menneskehandlarar frå arrest og straffeforfølgning:

The prevalence of corruption has resulted in deep mistrust of law enforcement officers by trafficked persons, many fearing to denounce their traffickers, while CSOs and honest law enforcement officers involved in rescuing victims are forced to operate secretly (UN Special Rapporteur 2013, s.12).

FN sin spesialrapportør nemner også at det er mangel på standardiserte og nøyaktige data om trafficking i Filippinane, og lite koordinering av dataa mellom ulike etatar.

Generelt rosar rapportar som dei frå FN sin spesialrapportør (2013) og USDS (2014) Filippinane for å ha erkjent problemet og for å ha teke preventive grep og for å hjelpe ofra. Likevel er problemet av eit slikt omfang at det krev store ressursar å kunne tilby eit effektivt, varig og dekkande hjelpetilbod til alle som treng det, og førebels er det langt igjen til landet når dit.

4. TRUGSMÅL, VITNEBESKYTTELSE OG RE-TRAFFICKING

På spørsmål frå Landinfo om i kva grad tidlegare offer for menneskehandel kan frykte hemn eller andre problem frå bakmennene, sa NBI at det var «no known cases» av hemn mot vitne som har fortalt politiet om kva dei har vore utsette for. Byrået meinte heller ikkje at gjeld var eit vanleg problem bland ofra eller noko som sette dei i fare for hemn eller re-trafficking. Offer som vert stoppa ved utreise, vert ifølgje NBI ikkje truga av bakmennene – i einssilde tilfelle vil bakmennene tvert om

betale ofra for å halde tyst (NBI, møte 2014). DSWD (møte 2014) hevda i likskap med NBI at re-trafficking ikkje er noko stort problem.

ILO (2009) siterer derimot heimvendte offer som fortel om store problem med å betene lån dei hadde teke opp før utreisa og at det gjer det vanskeleg å klare seg økonomisk etter retur. Visayan Forum (møte 2014) meinte at bakmenn vil komme etter offer som rømmer og/eller familiane deira. På senteret som Landinfo vitja i 2014, budde det ei jente som hadde vorte flytta dit med heile familien sin frå ein anna del av landet på grunn av truslar frå kidnapparane. Bestyrarinna på senteret fortalde også at det jamleg kom trugande personar og dundra på jernporten utom senteret.

I mange tilfelle er familiemedlemmer involvert i utnyttinga, og det gjer ofra sårbare for re-trafficking og nye overgrep, særleg om dette ikkje vert fanga opp og tatt tak i av hjelpeapparatet. Det er fare for at ofre for menneskehandel vert returnerte for tidleg til familiane sine på grunn av det høge presset på støtteapparatet.

DSWD kan setje offer i kontakt med ein advokat for fri rettshjelp i samband med politimelding av overgripar og mogleg påfølgjande rettssak. Dei som vitnar mot overgriparane sine, kan få vitneskydd, alias og/eller sleppe å opptre i retten og heller gje skriftleg vitneprov (NBI, møte 2014). Men spesialrapportøren skriv at ho er uroa over det mangelfulle vitnebeskyttelsesprogrammet. Svært få offer får plass i justisdepartementet sitt program – berre 30 personar då spesialrapportøren var der – og beskyttelsen varar berre til rettssaka mot bakmennene er over. Etter det er einaste moglege skydd eit shelter, men sjølv den utvegen var så langt berre nytta i eitt tilfelle (UN Special Rapporteur 2013).

Visayan Forum (møte 2014) meinte også at vitnebeskyttelsesprogrammet er «too tight», altså vanskeleg å komme med i, og at ofra gjerne gir opp på grunn av det omfattande byråkratiet dei må gjennom.

5. SKAM OG STIGMA

Skam og stigma er lite omtala av kjeldene i denne responsen, men på direkte spørsmål frå Landinfo, fortalde DSWD (møte 2014) at skam og stigmatisering kunne være eit problem i reintegreringa av tidlegare offer for menneskehandel, særleg for dei som hadde blitt seksuelt utnytta. Departementet meinte at dette kom av at folk lokalt ikkje forstår kva menneskehandel er og heller ikkje veit korleis unge menn og kvinner kan verte rekrutterte eller lura inn i systemet. Derfor driv DSWD «community orientation» gjennom lokale sosialarbeidarar slik at auka kunnskap hjå familie, naboar og andre kan minske eit eventuelt sosialt stigma mot heimvendte offer. Likevel hender det ifølgje DSWD at personar vel å flytte frå lokalsamfunnet sitt på grunn av skamma som følgjer med det dei har vore utsett for.

Filippinane er eit overveiande katolsk og på mange måtar konservativt land, og særleg på jenter og kvinner er det eit sosialt press for å framvise «god moral». Samstundes vil skamma også være stor for mannlege offer for seksuell utnytting, gitt den høgare graden av tabu som omgjev deira situasjon. Ikkje dess mindre er folks kvardag i Filippinane mange stader prega av ei pragmatisk haldning til at livet kan råke ein på så mange vis, og sjølv om den filippinske katolisismen er streng i mange spørsmål (til dømes prevensjon), er han blanda med den energiske og livsglade filippinske kulturen og i praksis derfor ofte meir inkluderande enn fordømande.

6. REFERANSER

Skriftlege kjelder

- Dy-Liacco, G. (2014, 16. september). Extreme Poverty in the Philippines. *USAid*. Tilgjengeleg via <http://www.usaid.gov/frontiers/2014/publication/section-1-extreme-poverty-philippines> [lasta ned 8. april 2015]
- ILO (2009). *Philippines. Mindset and Money Matter*. Bangkok: ILO Regional Office for Asia and the Pacific. Tilgjengeleg via http://apmigration.ilo.org/resources/resource-content/ilo-good-practices-on-return-and-reintegration-philippines-ii/at_download/file1 [lasta ned 9. april 2015].
- United Nations (2000). *Protocol to Prevent, Suppress and Punish Trafficking in Persons, Especially Women and Children*. New York City: UN. Tilgjengeleg via <https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/protocol-to-prevent-suppress-and-punish/id107342/> [lasta ned 8. april 2015]
- Santos, L.A. (2014, 2. januar). Human trafficking prevalent in post-typhoon Philippines. *Devex*. Tilgjengeleg via <https://www.devex.com/news/human-trafficking-prevalent-in-post-typhoon-philippines-82576> [lasta ned 8. april 2015]
- SNL, dvs. Store norske leksikon (2014, 22. september). *Menneskehandel*. Oslo: Foreningen SNL. Tilgjengeleg via <https://snl.no/menneskehandel> [lasta ned 8. april 2015]
- UN Special Rapporteur on Trafficking in Persons (2013, 19. april). *Report of the Special Rapporteur on trafficking in persons, especially women and children, Ms. Joy Ngozi Ezeilo*. Genève: UN Human Rights Council. Tilgjengeleg via <http://www.refworld.org/docid/51b874e94.html> [lasta ned 8. april 2015]
- USDS, dvs. U.S. Department of State (2014, juni). *Trafficking in Persons Report 2014*. Washington D.C.: USDS. Tilgjengeleg via <http://www.state.gov/j/tip/rls/tiprpt/countries/2014/226799.htm> [lasta ned 8. april 2015]
- World Bank (2015a). *Philippines*. Washington D.C.: World Bank. Tilgjengeleg via <http://data.worldbank.org/country/Philippines> [lasta ned 8. april 2015]
- World Bank (2015b). *Philippines Overview*. Washington D.C.: World Bank. Tilgjengeleg via <http://www.worldbank.org/en/country/philippines/overview> [lasta ned 8. april 2015]
- XE.com (u.å.). *XE Currency Converter*. Newmarket: XE.com. Tilgjengeleg via <http://www.xe.com/currencyconverter/convert/?Amount=10000&From=PHP&To=NOK> [lasta ned 8. april 2015]

Munnlege kjelder

- DSWD, dvs. Department of Social Welfare and Development. Møte Metro Manila 4. november 2014.
- NBI, dvs. National Bureau of Investigation. Møte Metro Manila 7. november 2014.
- Senter for ofre for menneskehandel. Møte Metro Manila 6. november 2014.
- Visayan Forum. Møte Metro Manila 5. november 2014.